

Mønehøgde på seks meter i Nedre Halsabrotet

13.05.2009



Ivar Gundersen orienterer om prosjektet sitt i Nedre Halsabrotet for forvaltningskomiteen onsdag morgon. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Reguleringsplanen til Ivar Gundersen for bustadbygging i Nedre Halsabrotet vart positivt motteke av forvaltningskomiteen onsdag.
Men eit fleirtal på seks av dei ni reduserte forslaget frå rådmannen om ei maksimal mønehøgde på åtte meter til seks meter for heile feltet.
Dei tre gjekk inn for ei mønehøgde på sju meter i dei øvre deler av feltet der det skal reisast tomansbustader og åtte meter i dei nedre deler der det skal byggjast frittliggjande bustader.



To frå Guatemala var med på synfaringa i Uskedalen - Carmen Alicia Cuj og Valdemark Tzurec. Her er dei saman med tolken sin, Magne Fitjar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Mindrepartiet var Senterpartiet og Arbeidarpartiet medan dei andre partia utgjorde fleirtalet.



Så høgt vil mønet på ein tomannsbolig nå sett frå det nederste huset hvis mønehøgddda blir 8,5 eller ni meter. (sjå stonga midt på biletet). (Foto: Ola Matti Mathisen)

Handsaminga av saka starta med synfaring på staden - med stort oppmøte. Ikke berre mønstra dei berørte naboane sterkt, det møtte til og med fram ein delegasjon frå Guatemala som også overvar handsaminga av Uskedalen-saka i komiteen etterpå.

Sissel Aarseth og Magne Fitjar hadde med seg Carmen Alicia Cuj og Valdemar Tzurec frå vennskapskommunen San Lucas Toliman som ønskte å læra meir om korleis lokaldemokratiet her i landet fungerer. Ho er den første kvinna i eit kommunestyre på 11 og merka seg at kvinnene var betre representert i forvaltningskomiteen i Kvinnherad. Han er rektor for ein barneskule.

Under synfaringa illustrerte naboane med ei stang korleis mønehøgda blir med 8,5 eller ni meter. Ivar Gundersen presiserte på si side at tomannsbustadene berre skal byggast i ei høgda.

Heile komiteen gjekk inn for ei justert formulering der det heiter at før det kan gjevast byggjeløyve for bebyggelse som fell innunder sikkerhetssona for høgspenlinja, skal linja leggast som kabel i grøft. Dermed gjeld dette berre for sjølve sikkerhetssona.

Det var Endre Blokhus (Frp) som fremma forslaget om seks meters mønehøgda.

Han understreka at det må takast omsyn til eksisterande hus i området.

Elin Legland (Sp) meinte derimot at det var fornuftig å differensiera mellom rekkjehus og einestader.

Thorleif J. Hellesøy (US) konstaterte at ingen er imot planen, den einaste innvendinga knyter seg til høgda. Han tykte at åtte meter verka høgt og gjekk inn for framlegget til Blokhus.

Han roste naboane for god og informativ innsats under synfaringa.

Også Morten Vevatne (V) gjekk inn for planen men var for forslaget frå Blokhus.

Øyvind Hardeland (Ap) advara mot at ein gjekk inn med så sterke restriksjonar at ein stoppa prosjektet. Han tykte at ein reduksjon frå kanskje ni meter til seks var drastisk og meinte at ein kanskje drap kreativiteten på denne måten.

Elin Legland var redd for at det ikkje ville vera heldig estetisk sett med ein reduksjon til seks meter over heile området.

Av Ola Matti Mathisen

